



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

UGGDAL, 15.11.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/810-17	7071/17	500	TK//STDAL	

REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER - VEDTAK I FYLKESTINGET - OVERSENDING TIL DEPARTEMENTET

Me viser til melding om vedtak av regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger motteke 3. november d.å.

I skrivet har De ikkje avklart om våre innvendingar til ovannemnde plan framleis står ved lag, jf. Plan og bygningslova (plb.) § 8-4, 2. ledd, siste punktum. For ordens skuld gjer me her merksam på at våre innvendingar framleis står ved lag. Tysnes kommune vil krevja at planen vert handsama vidare av departementet. Det følgjer av lova at departementet då kan gjera dei endringar som vert funne påkravd.

Tysnes kommune ber om at Hordaland fylkeskommune, som planmynde, avklarar den vidare prosessen opp mot departementet. Me finn det naturleg at det i denne prosessen vert lagt opp til at kommunen lagar eit eige oversendingsskriv for å gjera nærare greie for dei punkta me framleis har innvendingar mot. Me er vidare kjent med at det er fleire kommunar i planområde som framleis har innvendingar mot planen og vil såleis rå til at Hordaland fylkeskommune no føl opp prosessen etter § 8-5 for alle kommunar i planområdet.

Regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er såleis ikkje vedteke med endeleg verknad, jf. plb. § 8.4, 1.ledd, 1. punktum.

For ordens skuld tør me også å be om svar på vårt skriv av 28. august, vår ref. 5072/17, då dette er eitt av fleire moment i vår vidare vurdering av saka.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi:

Kåre Martin Kleppe, Ordfører

Morten Anthonessen, Eining forvaltning